

Dykkar ref: 21/10740 - 22/96408

Saksbehandlar: Tone Furustøl

Oversender klage til uttale - gbnr 214/32 Fyllingsnes

1. januar 2023

Tiltak: Dispensasjon - fritidsbustad/veg

Byggjestad: Gbnr: 214/32

Tiltakshavar: Helge Magnus Erdal

Tilsvaret til klage frå Statsforvaltar

Me vil starta med å repetere litt om kvifor me har søkt å få byggje hytta her. Då bestefaren min eigde dette gards- og bruksnummeret delte han det mellom dei fire borna sine. Den delen som Knut, onkel min eigde, er den delen som eg no har overtatt, og gjeld neset.

Me skulle gjerne trukket hytta lenger vekk frå sjøen, men det er ingen bedre plassering då me berre eig neset. Hytta kan plasserast litt lenger bak, men det blir marginalt lenger frå sjøen. Hytta vil då bli liggande høgare i terrenget og vil vere mykje meir synleg frå sjøen og det vil gje større naturinngrep. Veg blir óg vanskeleg å få til. Sjå vedlagt kart nederst der det er innteikna grense mot min onkel.


Me håper Statsforvaltaren i denne saka ser at det er snakk om fortetting av eksisterande hytteområde og vil respektere gjeldane reguleringsplan og kommunen sin vurdering i denne saka.


Her er punkter som eg meiner er relevant for ein positiv handsaming av dispensasjonar. Statsforvaltar må gjerne komme på synfaring.

- Reguleringsplan: Fritidshuset er allerede inne på gjeldane reguleringsplan (Storneset Strandplan frå 1976)
- Området: Er regulert for hytter. 11 av 21 hytter er bygd. Eit stort oppdrettsanlegg ligg rett på utsida av neset.
- Famileieigedom: Tre av fire hytter er ferdige. Den fjerde hytta vil då vere ei fortetting av hytteområdet og vil ligge mellom dei andre tre.
- Tilgang for allmenta: Det er i praksis dårleg tilkomst til området, både frå land og sjø. Frå land må ein ta seg forbi eit opparbeid privat område. Frå sjø er det vanskeleg å komme inntil pga bratte skråningar på sidene. Det er eit oppdrettsanlegg på utsida som vil gjere det mindre "attraktivt" å gå i land. Arealet er òg avgrensa i størrelse til bruk av allmenta.
- Terrenginngrep: Ei utbygging vil krevje minimale inngrep i terrenget. Vegen vil gå langs eksisterande kjerreveg og kun ei lita skjæring trengs på tvers bort til planlagt hytte. Hytta vil bli plassert på den beste plassen i terrenget (slik den viser på strandplanen) og det blir minimalt med sprenging av fjell. Hytta vil bli lite synleg frå sjø. Synlege berg vil ikkje bli berørt.
- Kystsona: Alver kommune ligg i sone 2, som er definert som område der presset på areala er store. Men i [høyringsssvar](#) frå Alver Kommunestyre, datert 30.9.2020,

meiner kommunen at heile Alver Kommune bør høyre heime i sone 3. Me meiner at ein først og fremst må sei nei til nye utbyggingar og ikkje sei nei til det som allereie ligg på godkjente reguleringsplanar.

- Naturmangfold: Me kan ikkje sjå at det er registrert naturmangfold i området som det bør leggast vekt på i saka.
- Kulturminner: Arkeologiske registreringa vart utført 08.04.2022 av Vestland Fylkeskommune. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
- Friområde: Det eksisterar allerede friområde på austsida av Fyllingsneset. Ca 400 meter i luftlinje frå planlagt hytte.
- Kommunen: "Den nye kommunalministeren Sigbjørn Gjelsvik (Sp) vil mjuke opp i strandsonen og la kommunene overstyre statlige reguleringer, spesielt i distriktene". Ref. [Dagsavisen](#) 20.4.2022. Det er kommunane som er gitt myndighet til å behandle dispensasjonssaker for bygging i strandsonen. No har administrasjonen og utval for Areal Plan og Miljø vært på synfaring og meiner det bør gjevast dispensasjon for veg og fritidsbygg.
- Statsforvalter: I ein rapport kjem det fram at kommunane i Vestland kritiserar Statsforvalteren blant annet for «regelrytteri», «liten forståelse for kommunene sine synspunkt» og «manglende evne til å skille mellom viktige og bagatellmessige saker» ref [BT](#) 17. november 2022.





Med Helsing
Helge Magnus Erdal
5650 TYSSE